

Epost – Korrespondanse 8.- 9. mars

E-post frå Pål Kjørstad 9. mars

Hei att!!

**Nå var vel spørsmålet mitt konkret om dette brevet som har vorte utsendt fra FMIN den 25/2 2020, og om kva haldning rovviltneimnda i Oppland har til dette!**

**Den pågåande forvaltninga av jerv vil i forhold til dette brevet vera mindre vesentleg da ein skal skal gjera avtale med beitebrukarar om å godta restriksjonar i beitebruken sin, som er det fyrste trinnet i til omstilling og nei til beitebruk i dette tilfelle i Nord-Gudbrandsdalen.**

Styringsbrevet, som er omtala i brevet, har eg nå fått tak i, og dette er fra 2016 og skrive av dåverande statsråd Vidar Helgesen. Det har faktisk skjedd noko på 3,5 år også. Men det som har skjedd og historia bak brevet er jo nokså enkelt å forklare i Oppland. I 2015 hadde vi det verste året med jerv i Oppland da vi hadde 10 ynglingar, og brevet i 2016 var skrive før beite- eller rettere sagt sankeseongen 2016. Da hadde altså forvaltninga gjort den dårlegast jobben gjennom tidene med jervebestand på 2,5 \* bestandsmålet (10 ynglingar). Og denne handlinga/brevet frå FMIN i 2020 er etter at forvaltninga har gjort den nest dårlegaste jobben gjennom tidene med ein bestand på jerv i 2019 på 2\*bestandsmålet (8 ynglingar)i Oppland.

Styringsbrevet fra departementet går kort ut på å gå i dialog med beitebrukere i prioriterte ynglingsområder for jerv som har hatt vedvarende skader/utfordringar knytta til jerv ved bruk av "tidligere sanking". Dette skal i resultere i langsiktige løysninger i dialog med beitebrukerne. I styringsbrevet er ikke den manglende eller rettere sagt den påkrevde forvaltninga av jerv ned på bestandsmålet nemnt med 1 ord i kjent Helgesen/KLD-stil. Det er direkte flaut at FMIN nå tek fram att slike brev og nyttar dei som styringsbrev når FMIN veit veldig godt kva tosidig målsetting betyr. Visste rovviltneimnda i Oppland om dette? Veit LMD om dette?

I forvaltningsplanen for Oppland står dette:

**De politiske føringene for forvaltningen av rovvilt og beite- dyr tilsier at forvaltningen skal gjennomføres på en slik måte at risikoen for tap og lidelse reduseres mest mulig gjennom forebyggende tiltak og bestandsregulering. Beiterestriksjoner skal være siste utvei. Økt satsing på forebyggende og konfliktdempende tiltak omfatter i tillegg til strategisk uttak av potensielle skadegjørere i risikoområder. Det legges stor vekt på å ha god samhandling mellom rovviltforvaltninga, Mattilsynet og beitebruksnæringen, slik at tiltak kan iverksettes raskt og derved redusere faren for lidelse hos beitedyra. Det skal være liten risiko for rovviltangrep på beitedyra i beiteprioriterte områder.**

**Forvaltningsplanen vert brote på minst 3 punkt i brevet i berre i dette eksemplet: 1. Forvaltningen av i dette tilfelle jerv vert ikke gjennomført**

**gjennom bestandsregulering. 2. Beiterestriksjoner skal vera siste utveg. 3. Beitebruksnæringa, les organisasjonane, er ikke varsla om dette**

Nei, eg spør spørsmåla ein gong til med tillegg:

1. Svar på kvifor dette kjem opp nå i 2020 da brevet kom i 2016?
2. Rovviltnemnda i region 3 sitt syn i saka? Og er det i og med at brevet er sendt slik at rovviltnemnda har godkjent dette? Og i såfall er det innanfor forvaltningsplanen i Oppland?

Beste helsing

Pål Kjørstad, leiar i Utmarksrådet i NSG

Mobil: 990 34 406 - E-post: [pkjorstad@outlook.com](mailto:pkjorstad@outlook.com)



Frå Aud Hove 9. mars

Hei!

Rovviltnemnda skal ha møte 19. mars og må ta ei runde på dette da. Eg skal sende ny henvending til Miljødirektoratet denne veka og be om hiuttak i dette området også med bakgrunn i dei store tapstala som har vore over tid.

Aud Hove

Rovviltnemnda i region 3 v/Aud Hove, leiar

Frå Pål Kjørstad 8. mars 2020:

**Hei!**

Har fått tak i brev fra FMIN av 25/2 2020 der Lordalen Beitelag, Lesjaskog beitelag og Skjåk beitelag, avd. Reinheimen, der beitebrukere i desse beitelaga har fått tilbud om kr. 50-60.000 kr ekstra tilsynsmidler dersom dei i 2020 gjennomfører planlagt tidleg nedsanking. Dette er heilt nytt for Oppland Sau og Geit og sjølvst og også for oss i Norsk Sau og Geit.

I dette brevet er det referert til eit styringsbrev fra departementet av 20/6 2016 som er sendt til rovviltnemndene, der regjeringen ønskte auka bruk av tidleg sanking i yngleområder for jerv. Samstundes vert det sagt i overnevnte brev til beitelaga at det er vanskeleg å forvalte bestanden av jerv ned på bestandsmålet. Altså rettar forvaltninga av jerv i Oppland opp hendene og seier: Vi klarer ikke å forvalte jerven ned på bestandsmålet og vil heller at beitenæringa fjernar beitedyra frå områda som har meire jerv enn det som er bestemt.

Dette er ei svært viktig prinsipiell sak for desse beitelaga og ikke minst for korleis vi som beitebrukarar i Oppland og Norge skal kunne bruke beiteretten vår i framtida. Vi i NSG vil ta denne saka vidare, og eg ønskjer at rovviltnemnda i Oppland skaffer meg følgjande bakgrunnsstoff:

1. Kopi av dette brevet fra departementet
2. Svar på kvifor dette kjem opp nå i 2020 da brevet kom i 2016
3. Rovviltnemnda i region 3 sitt syn i saka

NSG har styremøte tysdag 10/3 og årsmøte 11-12/3, og eg ønskjer derfor kopi av brevet av 20/6 2016 og korte og presise svar på dei 2 spørsmåla over i løpet av morgendagen, måndag 9/3. Eg beklagar at eg ikke har fått med meg dette før, men som i alle saker vi eigentleg er involvert i, så får berre dei direkte berørte beitebrukarane slike brev, og vi som beitenæring vert langsom, men sikkert pint i hel.

Kopi:

Harald Klæboe, saksbehandler FMIN

Kari-Anne Jønnes, rovviltnemnda i region 3

Sidsel Røhnebak, sekretær rovviltnemnda region 3

Per Fossheim, NSG

Lars Erik Wallin, NSG

Kjell Erik Berntsen, NSG

Anne Kari Sneffjellå og Terje Benjaminsen, Utmarksrådet i NSG

Knut Evensen, leiar i Oppland Sau og Geit

Jonny Mathisen, Rovviltansvarleg Oppland Sau og Geit

Beste helsing

Pål Kjorstad, leiar i Utmarksrådet i NSG

Mobil: 990 34 406 - E-post: [pkjorstad@outlook.com](mailto:pkjorstad@outlook.com)

